



# Berekraftprofil for Sykkylven kommune

Juni 2021



## Innhald

Innleiing.....	3
FNs berekraftsmål.....	4
Hovudresultat Sykkylven.....	5
Økonomisk berekraft – hovudresultat.....	6
Økonomisk berekraft – nøkkelindikatorar.....	6
Miljømessig berekraft – hovudresultat.....	11
Miljømessig berekraft – nøkkelindikatorar.....	11
Sosial berekraft – hovudresultat.....	14
Sosial berekraft – nøkkelindikatorar.....	14
Oppsummering.....	17

## Innleiing

Sykkylven kommune gjennomførte i 2020 ei kartlegging av berekraft etter eit globalt system utarbeida av FN. Kartlegginga gir ein oversikt over rapportert tilstand på omlag 100 ulike nøkkelindikatorar for smarte og berekraftige byar og samfunn. Samla gir dette ein «berekraftprofil» for kommunen.







Kartlegginga er ein del av fellesprosjektet Berekraftfylket Møre og Romsdal. Møre og Romsdal fylke er første region i verda som måler berekraft i FN-regi.

Kartlegginga er basert på ein metodikk og eit indikatorsett som er utvikla av «United for Smart Sustainable Cities» (U4SSC).

Indikatorsettet er ikkje å betrakte som ei fullstending kartlegging av berekraftstatus i ein kommune. Resultata bør supplerast med anna statistikk og tolkast med lokal kunnskap. For enkelte område er ei vidare kartlegging av årsaker og meir i detalj nødvendig for å få eit kunnskapsgrunnlag som gir grunnlag for strategiar og handling

Rapporten gir eit situasjonsbilde på kartleggingstidspunktet. Den seier ikkje noko om utvikling over tid.

Måloppnåing er rangert i fire nivå for kvar nøkkelindikator. I tabellane er dette illustrert slik:

Måloppnåing		
0 – 33 %	av måltal	
33 – 66 %	av måltal	
66 – 95 %	av måltal	
95+ %	av måltal	
Indikatoren er ikkje aktuell		
Data manglar/ikkje tilgjengeleg		

Rapporten tar utgangspunkt i [fylkesrapporten laga av Møre og Romsdal fylkeskommune](#), mai 2021.

## FNs berekraftsmål

FN har laga 17 hovudmål for ei berekraftig utvikling. Måla vart laga på demokratisk måte ved innspel frå land over heile verda.



Berekrftsmåla vert delt i tre dimensjonar. Innanfor kvar dimensjon er det underdimensjonar og kategoriar som fokuserer på meir spesifikke tema.




## Hovudresultat Sykkylven

Resultata er henta frå [FN-rapporten for Sykkylven](#) som vart utarbeida på grunnlag av datainnsamlinga i 2020.




## Økonomisk berekraft – hovudresultat



Samla score for økonomidimensjone for Sykkylven kommune er «lys grønt», altså mellom 66 og 95% måloppnåing. Resultatet er noko høgare enn fylkessnittet.

Kartlegginga vart gjort etter «nedstenginga» av Norge 12.mars 2020. Dette har gitt utslag i svak score på arbeidsløyse, noko som har påverka resultatet for produktivitet.

## Økonomisk berekraft – nøkkelindikatorar

<b>IKT INFRASTRUKTUR</b> 	Nøkkelindikator økonomisk berekraft		Sykkylven	M&R fylke
	Internettdækning husholninger			
	Brebåndsdekning - fastlinje			
	Mobildekning/abonnement			
	4G - dekning			
	3G - dekning			
	WIFI i offentlige områder			

Seinare års fiberutbygging har gitt dei fleste hustandane og bedriftene i Sykkylven god tilgang til høghastighets internett.

Wifi-dekning i offentlege område er lite utbygd. Data på dette tilfredsstillar ikkje kriteriane i undersøkinga.


<b>VA</b> <b>Vatn og avløp</b> 	Nøkkellindikator økonomisk berekraft	Sykkylven	M&R fylke
	Smarte vannmålere		
	Vannforsyning IKT-overvåking		
	Vannforsyning - basis		
	Drikkevannsforsyning		
	Vanntap i ledningsnett		
	Avløpsvann - oppsamling		
	Sanitærforhold - husholdninger		
<b>Drenering</b> 	Drenering/overvannsystem IKT-overvåking		

Kommunen scorer over fylkessnittet innan vassforsyning og automatiske vassmålalar.

Tap av vatn i ledningsnettet er vurdert som høgt, til liks med dei fleste kommunane i fylket. Dette sjølv om det har vore ei monaleg forbetring i Sykkylven seinare år. Fylkeskommunen vurderer det generelle nivået i fylket som kritisk.

Alle kommunane i fylket scorer dårleg på overvaking av overflate- og flaumvatn. Endra nedbørsmønster og auka flaumfare for framtida utgjør ein risiko. Fylkeskommunen vurderer kommunane ikkje å vere tilstrekkelege rusta for å sikre eit akseptabelt beredskapsnivå på dette området.


Vatn og avløp blir og målt under miljødimensjonen.

<b>El-forsyning</b> 	Nøkkellindikator økonomisk berekraft	Sykkylven	M&R fylke
	Smarte elektrisitetsmålere		
	Elektrisitetsforsyning IKT-overvåking		
	«Demand Response Penetration»		
	Strømbrudd - frekvens		
	Strømbrudd - tid		
	Tilgang el-nett		

\*SAIFI (System Average Interruption Frequency Index) – a system index of average frequency of interruptions in power supply

El-forsyning er godt utbygd og overvaka. Seinare års oppgraderingar av lokalnett gir god kapasitet for næringsetablering.


Sjølv om samla tid med straumbrot er låg, viser målingane at talet på straumbrot er høgt i dei fleste kommunar berekna etter SAIFI\* standarden. Nettet manglar system for å styre forbruk/tilgang i høve til tilbodet i marknaden (demand/response).

<b>TRANSPORT</b> 	Nøkkelindeikator økonomisk berekraft	Sykkylven	M&R fylke	
	Sanntidsinformasjon offentlig transport (holdeplasser)			
	Trafikkovervåking			
	Kryssingskontroll			
	Offentlig transportnett			
	Tilgjengelighet offentlig transportnett			
	Sykelsti			
	Transportmiddelfordeling (TMF) - Privatbil			*
	TMF- Offentlig transport			*
	TMF - Gange			*
	TMF - Sykling			*
	TMF - Bevegelseshemmede			*
	Reisetidsindeks			
	Sykkeldeling			
	Bildeling			
	Lavutslippskjøretøy			

- Tal berre frå bykommunane


Sykkylven kjem godt ut på offentlig transport, sykkelstiar og reisetid, til liks med snittet for fylket.

Manglande resultat og dårleg resultat på fleire indikatorar kan i stor grad tilskrivast naturlege skilnader på by og distrikt.

<b>OFFENTLEG SEKTOR</b> 	Nøkkelindeikator økonomisk berekraft	Sykkylven	M&R fylke	
	Åpne data			NA
	Åpne data			
	Digitalisering offentlige tjenester			NA
Offentlig sektor e-handel				


Høg andel offentlig e-handel er positivt. For nokre kategoriar er det ikkje tilgang på data. Lik situasjon for heile fylket.



<b>INNOVASJON</b> 	Nøkkelindeikator økonomisk berekraft	Sykkylven	M&R fylke
	FOU - utgifter		
	Patenter		
	Små og mellomstore bedrifter		

Sykkylven har låg andel små og mellomstore bedrifter, men scorar høgare på tal patentar i forhold til folketalet. Eit aktivt, skapande næringsliv ligg bak patenttalet.


Utgifter til forskning og utvikling i bedriftene har ein ikkje gode data for.

<b>ARBEIDS-- MARKNAD</b> 	Nøkkelindeikator økonomisk berekraft	Sykkylven	M&R fylke
	Arbeidsledighet		
	Arbeidsledighet ungdom		
	Sysseletting reiselivssektor		
	Sysseletting IKT-sektor		


Arbeidsledige er registrert i starten av pandemien, ein periode med unormal høg arbeidsløyse. Resultatet gir såleis ikkje eit godt bilde av situasjonen. Etter kartleggiga vart gjort har situasjonen endra seg til svært låg arbeidsløyse i kommunen.

IKT-sektoren måler reine IKT-stillingar. Indikatoren fangar ikkje opp IKT-miljø knytt til andre næringar, noko som delvis kompensereer for mangel på «reine» IKT-stillingar.


Sysseletting reiselivssektor har uventa høg score. Data er henta frå SSB sin statistikk over sysselette etter næring og omfattar fleire reiselivsrelaterte næringar, og er relativ i høve til folketal.

<b>AVFALL</b> 	Nøkkelindeikator økonomisk berekraft	Sykkylven	M&R fylke
	Avfallsinnsamling		

Denne indikatoren viser at vi har eit godt utbygd system på avfallsinnsamling. Renovasjon vert også vurdert under miljødimensjonen, sjå s 12.

<b>BYGNINGAR</b> 	Nøkkelindeikator økonomisk berekraft	Sykkylven	M&R fylke	
	Offentlig bygning - bærekraftsertifisering			
	Bygningsautomasjonssystem (iBAS) i offentlige bygg			

Sykkylven kommune har ikkje tatt i bruk sertifiseringsordningar for eigne bygg, men brukar automasjonssystem i drifta av bygga.

<b>AREAL- PLANLEGGING</b> 	Nøkkelindeikator økonomisk berekraft	Sykkylven	M&R fylke	
	Fotgjengarsoner (bilfrie soner)			
	By- og tettstedplanlegging - Kompakt			

Fotgjengarsoner (bilfrie soner) er i stor grad eit by-tiltak. Dårlig score dreg ned resultatet for Sykkylven.

Prinsipp for berkraftig tettstadutvikling ligg til grunn for kommunale planar, og løftar resultatet. Berekraft må tydeleggjerast i planverket, og det må arbeidast meir med vidare oppfølging når planar vert tatt i bruk.


## Miljømessig berekraft – hovudresultat




Samla score på miljødimensjonen er gul, det vil seie mellom 33 og 66% måloppnåing. Innanfor luftkvalitet, avfallshandtering og miljøkvalitetar scorar Sykkylven på nest beste kategori. Ferskvassforbruk og rensing av avløpsvatn trekker ned. Indikatorane her ber preg av å vere laga i ein global setting. Så godt som allt vassforbruk i Norge er ferskvatn, og rensing og utsleppsløyve følgjer nasjonalt regelverk.

Høgt energiforbruk trekker ned. Her og spelar globalt perspektiv inn, då Norge trdisjonelt nyttar mykje energi til oppvarming.

## Miljømessig berekraft – nøkkelindikatorar

<b>LUFTKVALITET</b> 	Nøkkelindikator miljømessig berekraft	Sykkylven	M&R fylke
	Luftkvalitet - PM 2.5		
Luftkvalitet - PM 2.5			
Luftkvalitet - NO2			
Luftkvalitet - SO2			
Luftkvalitet - O3			
Klimagassutslipp			

Kommunen scorar godt på luftkvalitet, men ligg noko lågare på klimagassutslipp. Usleppa er i stor grad knytt til transporektoren.

<b>VA</b> <b>Vatn og avløp</b> 	Nøkkelindeikator miljømessig berekraft	Sykkylven	M&R fylke
	Drikkevannskvalitet	<span style="background-color: green; color: white;"> </span>	<span style="background-color: lightgreen; color: white;"> </span>
	Vannforbruk	<span style="background-color: yellow; color: white;"> </span>	<span style="background-color: red; color: white;"> </span>
	Ferskvannforbruk	<span style="background-color: red; color: white;"> </span>	<span style="background-color: red; color: white;"> </span>
	Avløpsrensing - Hoved	<span style="background-color: yellow; color: white;"> </span>	<span style="background-color: yellow; color: white;"> </span>
	Avløpsrensing - Sekundær	<span style="background-color: red; color: white;"> </span>	<span style="background-color: red; color: white;"> </span>
	Avløpsrensing -Tertiære	<span style="background-color: red; color: white;"> </span>	<span style="background-color: red; color: white;"> </span>


Den kommunale vassforsyninga i Sykkylven scorar bra på drikkevasskvalitet, over fylkessnittet.

Forbruket av vatn er høgt, og gjer at ein kjem på gult nivå, men der og noko betre enn fylkessnittet.


Måleparameteren Ferskvassforbruk er truleg betre tilpassa internasjonale forhold. Alt registrert vassforbruk i Sykkylven er ferskavassforbruk.

Reinsing/behandling av avløpsvatn er i tråd med norsk regelverk og godkjente utsleppsløve.


Fylkeskommunen kommenterer at saman med resultatata for tap i leidningsnettet, viser dette ein sektor der det trengs ein ekstraordinær innsats for å kome opp på berekraftig nivå.

<b>RENOVASJON</b> 	Nøkkelindeikator miljømessig berekraft	Sykkylven	M&R fylke
	Avfallsbehandling - deponi	<span style="background-color: green; color: white;"> </span>	<span style="background-color: green; color: white;"> </span>
	Avfallsbehandling - åpen brenning	<span style="background-color: green; color: white;"> </span>	<span style="background-color: yellow; color: white;"> </span>
	Avfallsbehandling - forbrenningsanlegg	<span style="background-color: red; color: white;"> </span>	<span style="background-color: red; color: white;"> </span>
	Avfallsbehandling - åpent deponi	<span style="background-color: green; color: white;"> </span>	<span style="background-color: lightgreen; color: white;"> </span>
	Avfallsbehandling - resirkulert	<span style="background-color: yellow; color: white;"> </span>	<span style="background-color: yellow; color: white;"> </span>
	Avfallsbehandling - annen	<span style="background-color: red; color: white;"> </span>	<span style="background-color: yellow; color: white;"> </span>

Data for avfallshandtering er frå Årim, og like for alle medlemskommunane. Andel til forbrenning trekker ned samla resultat. Høgare grad av resirkulering er ønskeleg.


<b>MILJØKVALITET</b> 	Nøkkelindeikator miljømessig berekraft	Sykkylven	M&R fylke	
	Stråling (elektromagnetisk) eksponering			
	Støy eksponering			

Få husstandar i kommunen er eksponert for støy eller elektromagnetisk stråling over fastsette grenseverdier.

<b>OFFENTLEGE ROM OG NATUR</b> 	Nøkkelindeikator miljømessig berekraft	Sykkylven	M&R fylke
	Grøntområder		
	Grøntområder - tilgang		
	Verna naturområder		
	Rekreasjonsfasiliteter		

Tilgangen til naturlege rekreasjonsområder i kommunen er svært god, og kompenserer i praksis for relativt lite tilrettelagte rekreasjonsfasilitetar (treningscenter, basseng, utandørs idrettsanlegg, parkanlegg, og liknande).


Kommunen er ikkje vernemyndigheit. Indikatoren bør vurderast i ein større, regional samanheng.

<b>ENERGI</b> 	Nøkkelindeikator miljømessig berekraft	Sykkylven	M&R fylke
	Andel fornybar energi		
	Elektrisitet - forbruk		
	Hushodninger –termisk energiforbruk		
	Offentlige bygningar - energiforbruk		

Vasskraft gjer at Norge generelt scorar høgt på fornybar energi.

Høgt forbruk er og eit generelt trekk i Norge. Noko av årsaka er at vi brukar elektrisitet til oppvarming i langt større grad enn det som er vanleg elles i verda. Samstunds viser fleire andre indikatarar at vi i Norge nok har eit unødig høgt forbruk av energi. Gjennom sparetiltak og bruk av energieffektive og smarte løysingar bør det vere eit felles mål for oss å redusere energiforbruket.


## Sosial berekraft – hovudresultat



Sykkylven scorer generelt godt på sosial berekraft. Dette trass i at kultur scorer raudt då indikatoren ikkje passar heilt for norske forhold. Trass i at vi gjennomgåande scorer høgt, er det og negative «overraskingar», både på fattigdom og for naudetatane.

Fylkeskommunen kommenterer i sin rapport at indikatorane som måler utdanning og sosiale forhold ikkje i tilstrekkeleg grad eignar å få fram variasjon internt i Norge. Her bør kommunane gå djupare gjennom supplerande statistikk innan t.d. integrering, universell utforming, barnevern, del tilpassa bustad.


## Sosial berekraft – nøkkelindikatorar

<b>UTDANNING</b> 	Nøkkelindikator sosial berekraft	Sykkylven	M&R fylke
	Studenter -IKT tilgang		
	Skoledeltagelse - grunnskole		
	Utdanningsnivå – høyere utd.		
	Lese- og skriveferdigheter - voksne		

Generelt god score for Sykkylven, til liks med fylkessnittet. Elevane våre har generelt god tilgang til IKT i skulen. Pliktig og gratis grunnskule i Norge sikrar høg score på deltaking. Kommunen har også høg grad av fullføring på vidaregåande skule, med dette inngår ikkje i KPI-kartlegginga.


Noko lågare andel innbyggjarar med høgare utdanning er velkjent, og heng saman med næringslivet sine behov tradisjonelt sett. Andelen har auka seinare år.

Gode lese- og skriveferdigheter heng saman med både skuldeltaking og utdanningsnivå. Andel framandspråklege i befolkinga har auka over tid, og kan påverke resultatet.

<b>HELSE</b> 	Nøkkelindikator sosial berekraft	Sykkylven	M&R fylke
	Elektronisk pasientjournal		
	Forventet levealder		
	Mødre dødelighet		
	Legedekning		
	Sjukehussenger		
	Helseforsikring/ Folkehelsedekning		


Høg score på dei fleste indikatorane. Dårlig score på legedekning heng truleg saman med strukturelle endringar innanfor legetenestene då kartlegginga vart gjort. Nærleik til fylkessjukehuset og ulike private spesialisttenester i Ålesund er eit gode for Sykkylven.

Sjukehussenger er ein indikator som er noko komplisert å tolke. Befolkninga i norske kommunar har i teorien tilgang til svært mange sjukehussenger, grunna funksjonsfordeling mellom sjukehusa og «fritt sjukehusval».

<b>KULTUR</b> 	Nøkkelindikator sosial berekraft	Sykkylven	M&R fylke
	Kuturbudsjett (kulturminne) - andel		
Kultur infrastruktur			

Indikator for kuturbudsjett er knytt til kulturalar/kulturminne, ikkje kuturbudsjett samla:


Utgifter til bevaring av kulturminne er låge då dette i hovudsak er eit statleg ansvar i Norge. Indikatoren kultur infrastruktur ikkje dekkande på kommunenivå.

<b>BUSTADPOLITIKK</b> 	Nøkkelindikator sosial berekraft	Sykkylven	M&R fylke
	Uregulerte boligområder/slum		
Utgifter bolig			

Generelt brukar norske hushald ein relativt liten del av inntekta si på bustad, slik og i Sykkylven. Dette gjennomsnittstalet skjuler likevel at låginntektsgrupper gjerne brukar ein høg del av inntekta på bustad.

Husbanken sin Bolisoial monitor viser at kommunen over tid ligg nokså nær landsnittet for andel barnefamiljar med låg inntekt som leiger husvære og bur trangt (Ca 0,5 %). Det same gjeld for barn i hushaldningar med låg inntekt, som leiger og bur trangt.

Sykkylven har ikkje problem knytt til ikkje regulerte bustadområde/slum.

<b>SOSIAL INKLUDERING</b> 	Nøkkelinikator sosial berekraft	Sykkylven	M&R fylke
	Kjønnsforskjell - inntekt		
	Gini-koeffisient*		
	Fattigdom		
	Valgdeltagelse		
	Barnehagedekning		

\*Gini-koeffisient er eit mål for inntektsforskjellar i samfunnet.

Sykkylven scorar realtivt godt på indikatorane som er brukt, og over snittet for fylket på fleire.

Fattigdom måler personar som bur i hushaldningar med inntekt under 50% av nasjonal medianinntekt over ein treårsperiode, berekna etter EU-skala. Sykkylven scorar likt med fylkssnittet, men godt under landssnittet. Årsakene bør undersøkast nærare.

<b>SIKKERHET</b> 	Nøkkelinikator sosial berekraft	Sykkylven	M&R fylke
	Dødsfall - naturkatastrofer		
	Økonomisk tap - naturkatastrofer		
	Beredskapsplanar*		
	Befolkning i risikosone naturkatastrofe		
	Responstid - nødetater		
	Politi - dekning		
	Brannvesen - dekning		
	Voldskriminalitet - rate		
	Dødsfall i trafikken		

\*Kommunane i Møre og Romsdal har beredskapsplanar, men ikkje etter FN/UNDRR sitt rammeverk SENDAI, som kartlegginga bruker som kriterium.

Sykkylven kommune har oppdaterte beredskapsplanar. Kommunane i fylket nyttar ikkje internasjonal standard. Dårlig score gir såleis ikkje rett bilde av situasjonen.


Brannvesen måler tal heiltidstilsette i forhold til innbyggartalet. Deltidstilsette i brannkorpset vert ikkje målt. Svak score må sjåast i forhold til dette.

Indikatorane måler ikkje kvalitet på tenestene, og ei meir fagleg analyse der fagetatane og andre som kjenner områda godt får medverke vert anbefalt.

I Norge omfattar valdskriminalitet meir enn i mange andre land, noko som gjer scoren her kunstig låg. Får kommunar eit høgt tal her er dette likevel ein indikator ein bør følge med på, og eventuelt gjere tiltak om utviklinga held fram.

Sykkylven er blitt Trafikktrygg kommune, og arbeider målretta for å halde oppe den gode scoren her.



<b>LOKALMAT</b> 	Nøkkelindikator sosial berekraft	Sykkylven	M&R fylke
	Lokalmat		

Det er ikkje tilgjengeleg tal for lokal matproduksjon for Sykkylven, slik dette er definert i kartlegginga.

## Oppsummering

Samla score for økonomidimensjonen for Sykkylven kommune er lys grøn, altså mellom 66 og 95% måloppnåing. Vanntap i ledningsnettet, utfordringar knytt til overflatevatn og berekraftsertifisering av offentlege bygg er mellom dei resultatata som trekker ned. Svake resultat innanfor nokre transport-indikatorar kan i stor grad tilskrivast naturlege skilnadar mellom by og distrikt.

Kartlegginga vart gjort etter nedstenginga av Norge i 2020. Dette har gitt utslag i svak score på arbeidsløyse, noko som har påverka resultatet for produktivitet.

Samla score på miljødimensjonen er gul, det vil seie mellom 33 og 66% måloppnåing. Innanfor luftkvalitet, avfallshandtering og miljøkvalitetar scorar Sykkylven på nest beste kategori. Ferskvassforbruk og rensing av avløpsvatn trekker ned. Desse indikatorane ber preg av å vere laga i ein global setting. Så godt som alt vassforbruk i Norge er ferskvatn. Rensing og utsleppsløyve følger nasjonalt regelverk.

Høgt energiforbruk trekker ned. Her og spelar globalt perspektiv inn, då Norge trdisjonelt nyttar mykje energi til oppvarming.

Sykkylven scorar generelt godt på sosial berekraft – lys grøn mellom 66 og 95% måloppnåing. Dette trass i at kultur scorar raudt då indikatoren ikkje passar heilt for norske forhold. Trass i at vi gjennomgåande scorar høgt, er det og negative «overraskingar», både på fattigdom og for naudetatane. Dette er tilhøve som bør undersøkast nærare.

### Fylkeskommunale anbefalingar

Fylkeskommunen sin samlerapport for Møre og Romsdal gav nokre anbefalingar for fylket generelt. Sykkylven kommune er ikkje så veldig ulik snittet for alle kommunane i fylket, og bør også skjele til anbefalingane frå fylkeskommune for vidare arbeid.

Fylkeskommunen anbefaler følgande fylkesdekkande satsingar:

- Smart og berekraftig VA sektor.
- Fattigdom og sosial inkludering
- Sirkulær økonomi
- Digitalisering off. sektor
- Offentlege bygg – berekraftsertifisering
- Lokalmat og mattryggleik